



## Møtebok for Teknisk utval

**Møtedato:** 27.05.2015  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Masfjordnes  
**Møtetid:** 16:00

Orientering om reguleringsplan - Dragseidet - Risnes - Torsvik.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Utvallsleiar
Ragnvald Tangedal	AP	Nestleiar
Lillian Andvik	Krf	Medlem
Willy Borge	Frp	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

---

Følgjande frå administrasjonen møtte:  
Fagrettleiar Ottar Myrtveit, ass. rådmann Sveinung Toft og fung.  
tekn. sjef Roald Kvingedal som førte møteboka.

---

### Sakliste

Saknr	Tittel	
001/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste .....	S. 02
002/2015	Godkjenning av møtebok .....	S. 03
003/2015	Hjortetildeling 2015 .....	s. 04
004/2015	Delegerte saker .....	s. 10
005/2015	Referatsak .....	s. 17

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Liv Oda Dale		15/414

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2015	Teknisk utval	PS	27.05.2015

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

## Saksopplysningar:

### Teknisk utval - 001/2015

#### TU - behandling:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

#### TU - vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Liv Oda Dale		15/414

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2015	Teknisk utval	PS	27.05.2015

## Godkjenning av møtebok

### Vedlegg:

Protokoll - Teknisk utval - 25.11.2014

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

### Saksopplysningar:

### Teknisk utval - 002/2015

### TU - behandling:

### TU - vedtak:

Møtebok vert godkjend.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FA - K46	15/304

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2015	Teknisk utval	PS	27.05.2015

## Hjortetildeling 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert gjort framlegg om same tildeling som i 2014. Fagerdalen/Kringlebotn får tildelt løyver då jordskifteretten no har avklara bruksordninga. Haugsøy har ikkje vore tildelt løyver frå 2011, men etter søknad får valdet tildelt løyver. Vald som har avskytingsavtale, føl den. På desse valda nyttar ein 50% regelen og reduserar litt i tildelinga: Kvinge sør, Kvingedal, Hope-Elvik-Kvamme, Andvik, Kjekallen, Halsøy/Areklett, Bergsvik-Lauvik-Molland, Store Sleire, Lille Sleire, Matre store og Haukeland.

Saksopplysningar:

## SAKSUTGREIING:

### 1. Bakgrunn

Syner til same sak i 2014. For dei fleste vald vil me ikkje rå til endringar, men den auka tildeling i 2012 på Ådnekvam, Lauveide, Torsvik, Risnes, Risnes 2, Hosteland, Rambjørg og Ytre Haugsdal fortset grunna høgt skadepress på eit større samanhengande område over lang tid, samt høg fellingsprosent i desse områda.. Forslaget til tildelingar kjem fram i tabellen under.

### 2. Fakta

Tabellane syner statistikk over tildelte løyver og felte dyr dei siste 16 år, og siste års avskyting. Gjennomsnittleg fellingsprosent for same periode kjem også fram i tabellen.

Fordeling i regionen kjem fram i nederste tabell. Dette er eit godt grunnlag for å vurdere kva tildeling som er ynskjeleg. Vårteljing, sett hjort og opplysningar elles tyder på at hjortestammen har nådd toppen og er i svak nedgang. Vald med lav avskyting er det difor

naturleg å redusera litt tildelinga.

## Framlegg til tildeling av løyver for 2015:

### Sørsida:

Vald nr	Valdnamn	Tildelt 1999-2014	Felt 1999-2014	Snitt% felling	Løyver/ dyr 2014	Felt Forslag 2015/	
1	Einestrاند		73	56	77 7	3	<b>7</b>
2	Kvinge Sør	187	<b>119</b>	64	14	2	<b>14</b>
3	Kvinge Nord	247	<b>181</b>	73	19	12	<b>19</b>
4	Kvingedal	199	<b>114</b>	57	12	6	<b>12</b>
5	Mjanger	203	<b>177</b>	87	18	10	<b>18</b>
6	Hope, Elvik, Kvamme	430	<b>364</b>	85	36	29	<b>36</b>
7	Elvik	-	-	-	-	-	-
*8	Prestegardsskogen	139	<b>96</b>	69	20	8	<b>20</b>
*9	Sandnes	-	-	-	-	-	-
10	Andvik	290	<b>152</b>	52	16	13	<b>16</b>
11	Nordland/Åsheim	161	<b>98</b>	61	11	8	<b>11</b>
12	Totland/Totlandsdal	127	<b>75</b>	59	11	3	<b>11</b>
13	Ådnekvam	79	<b>70</b>	89	6	6	<b>6</b>
14	Skuggedal/Barlingeb.	111	<b>61</b>	55	7	3	<b>7</b>
15	Stegalvik	167	<b>75</b>	45	8	8	<b>8</b>
43	Bauge	73	<b>56</b>	77	7	5	<b>7</b>
54	Eikebotn	31	<b>24</b>	77	2	0	<b>2</b>
58	Kikall	44	<b>12</b>	27	4	0	<b>4</b>
		<b>2561</b>	<b>1730</b>	<b>67,6</b>	<b>198</b>	<b>116</b>	<b>198</b>

*\*V8 og 9 er samanslege i perioden*

## Nordsida:

Vald nr Valdnamn	Tildelt 1999-2014	Felt 1999- 2014	Snitt% felling	Løyver/ dyr 2014	Felt Forslag 2015/	
31 Bergsvik, Lauvik, Molland	363	<b>149</b>	41	24	9	<b>24</b>
32 Lauvik	-	-	-			
33 Molland	-	-	-			
34 Reknes	24	<b>20</b>	83	2	1	<b>2</b>
35 Duesund	103	<b>46</b>	45	8	1	<b>8</b>
36 Hosteland	188	<b>135</b>	72	16	8	<b>16</b>
37 Kvamsdal	134	<b>66</b>	49	9	3	<b>9</b>
38 Birkeland	230	<b>186</b>	81	19	15	<b>19</b>
39 Lauveide	50	<b>48</b>	96	6	6	<b>6</b>
40 Sleire - Store	281	<b>126</b>	45	20	11	<b>20</b>
41 Sleire - Lille	136	<b>79</b>	58	14	5	<b>14</b>
42 Frøyset og Tangedal	383	<b>333</b>	87	35	27	<b>35</b>
46 Torsvik	55	<b>44</b>	80	7	7	<b>7</b>
47 Risnes	72	<b>60</b>	83	8	5	<b>8</b>
48 Risnes	73	<b>66</b>	90	8	4	<b>8</b>
49 Rambjørg (-07-09)	66	<b>61</b>	92	11	8	<b>11</b>
50 Haugsøyeni	*58	<b>0</b>	0	*-	-	<b>3</b>
51 Haugsdal - Ytre	145	<b>129</b>	89	16	7	<b>16</b>
52 Halsøy/Areklett	105	<b>31</b>	30	4	3	<b>4</b>
56 Solhaug	-	-	-	-	-	-
57 Brekkena/Lindebotn	27	<b>14</b>	52	2	2	<b>2</b>
	<b>2493</b>	<b>1593</b>	<b>63,9</b>	<b>209</b>	<b>122</b>	<b>209</b>

\* Ikkje jakt i 2011-12-13

## Indrefjorden:

Vald nr	Valdnamn	Tildelt 1999-2014	Felt 1999- 2014	Snitt% felling	Løyver/ dyr 2014	Felt 2015/	Forslag 2015/
16	Haugsdal Indre	185	<b>133</b>	72	15	9	<b>15</b>
17	Haukeland	221	<b>154</b>	70	15	14	<b>15</b>
18	Midre Haugsdal, v19,20	310	<b>282</b>	91	25	20	<b>25</b>
19	Kjetland	-	-	-	-	-	-
20	Tverberg	-	-	-	-	-	-
21	Matre Store	106	<b>46</b>	43	5	1	<b>5</b>
22	Matre Lille	182	<b>103</b>	57	12	8	<b>12</b>
*23	Fagerdal/Kringlebotn	163	<b>35</b>	21	-	-	<b>6</b>
24	Trodal	67	<b>54</b>	81	5	5	<b>5</b>
25	Hogsvær	163	<b>111</b>	68	19	13	<b>19</b>
26	Fossen	141	<b>37</b>	26	7	2	<b>7</b>
27	Solheim/Kalhovda	159	<b>127</b>	80	16	9	<b>16</b>
28	Furebotn	39	<b>35</b>	90	3	3	<b>3</b>
29	Eikemo	81	<b>35</b>	43	10	7	<b>10</b>
30	Fossdal	52	<b>35</b>	69	4	2	<b>4</b>
45	Vågseth	31	<b>17</b>	67	2	0	<b>2</b>
*55	Stallane	-	-	-	-	-	-
59	Hope (07-10)	40	<b>6</b>	15	6	1	<b>6</b>
		<b>1940</b>	<b>1210</b>	<b>62,4</b>	<b>144</b>	<b>94</b>	<b>150</b>

*\*Ikkje jakt i 2012-13*

Kommunen rår til at ein nyttar 50% regelen i eit år til der me har størst skadepress over lengre tid. Ein treng ikkje nytta så mykje som 50% auke, men nokre løyver vil me rå til vert gjeve. Effekten må ein sjå på etter jakta. Vidare nyttar me same regelen der det er reduksjon i tildelinga.

Hjorteviltforskrifta §8 – *"Kommunen kan ved tildeling av fellingstillatelse fravike minstearealet for jakt på elg, hjort og rådyr med inntil 50 %. Villreinnemnda kan med samme begrensning og begrunnelse vedta å fravike minstearealet for villrein med inntil 50 %.*

*Vedtaket om fravik fra minstearealet er et enkeltvedtak og kan gjøres for særskilte vald og for et begrenset tidsrom. Vedtaket skal være begrunnet med ulikheter i artens levevilkår i kommunen, bestandens størrelse og utvikling, den skade viltet volder eller andre ekstraordinære forhold.*

*Kommunens og villreinnemndas adgang til å fravike det fastsatte/beregnete minsteareal med*

*50 % (opp eller ned) gjelder kun for beregning av fellingskvoten for de enkelte vald. Det er ikke anledning til å fravike fastsatt minsteareal for å kunne godkjenne områder som ikke tilfredsstillende kravene til minsteareal fastsatt i medhold av § 8. Vilkårene for fravik framgår klart*

*i forskriftsteksten, og denne bestemmelsen skal være et tillegg til de ordinære virkemidlene for å regulere bestandsstørrelsen.*

*Direktoratet for naturforvaltning presiserer at et slikt fravik er et enkeltvedtak som skal gjelde et bestemt geografisk område og for en bestemt tidsperiode, fortrinnsvis kun ett*

år. Vedtaket skal begrunnes og kan påklages av partene.”

Auka tildeling vert tilråda på Ådnekvam, Låveide, Torsvik, Risnes, Risnes2, Hosteland, Rambjørg og Ytre Haugsdal grunna høgt skadepress på eit større samanhengande område over lang tid, samt høg fellingsprosent i desse områda. Valda nemnde i vedtaket reduserast grunna lav fellingsprosent og noko høg tildeling over lang tid.

### 3. Vurdering

Som det har kome fram tidlegare både i fagrådet, UVF og no TU skal kommunen sørgje for at forvaltning av hjorten vert gjort etter nasjonale rammer. Nemnde forslag bør nyttast i 2015 inntil ein godkjent forvaltningsplan ligg føre.

Kommunen ynskjer ei meir stammeretta og planbasert forvaltning. Fellingsprosenten er lav i kommunen trass i stadig aukande tildelingar. For mange småvald samt ein del vald med for lav fellingsprosent. Etter den nye hjorteviltforskrifta skal kommunen og ikkje minst grunneigarane vera viktige aktørar. Grunneigarane skal ta ein mykje sterkare del i den lokale forvaltninga. Lovverket skal nyttast meir aktivt, men det krev meir av grunneigarane. Dei har meir ansvar og handlingsrom. Det er vedteke at kommunen skal utarbeida ein forvaltningsplan for hjort. For å få ein framtidretta og god plan er det avgjerande at grunneigarane som sit med jaktretten og makta til å etablera større valdeiningar. Ein bør få ei betre valdorganisering med fokus bestandsplanlegging. Kommunen skal stimulera og leggja til rette for jaktrettshavarane si bestandsplanlegging, men jaktrettshavarane/grunneigarane må ha sine egne målsetjingar og tiltak.

Før ein har på plass ein forvaltningsplan bør ein tildela løyver som det går fram av forslag for å fremja ei betre forvaltning på dei store valda. Småvald åleine klarer ikkje desse utfordringane.

I 2013 starta me eit samarbeidsprosjekt med felles bestandsplanområde med Gulen. Dette gjeld nordsida og indrefjorden inn til grensa Vågset-Hope Det er halde 4 møter med valdansvarlege og Ole Runar Aabrekk v/Utmarksresurs A/S har no laga ein bestandsplan for heile området. Denne vart presentert på møtet 19.05 på Dalsøyra. Alle vald som ynskjer å vera med her kan teikna avtale for perioden 2015-2017 og vil då få frie dyr i samsvar med plan. Alle andre vald får tildelt som før.

### 4. Konklusjon

Sjå vedtak



## Teknisk utval - 003/2015

### **TU - behandling:**

Ottar Myrtveit orienterte om vald Fagerdalen/Kringlebotn. Valdet har ikkje sendt inn godkjent søknad med alle underskrifter.

Myrtveit orienterte om bestandsplan og vårteljning for 2015.

Det skal sendast kopi av tildelingsbrev og vårteljningane til medlemmane i Teknisk utval.

Teknisk utval ynskjer at vårteljningane blir tatt med i saksutgreiinga når det gjeld sak om hjortetildeling.

Utvalet kom etter drøfting fram til at dei ikkje kunne godkjenne tildeling av hjorteløyve til vald Fagerdalen/Kringlebotn.

### **TU - vedtak:**

#### **Vedtak:**

**Det vart vedteke same tildeling som i 2014 med unntak av Fagerdalen/Kringlebotn, som ikkje får tildelt løyve.**

**Haugstøy har ikkje vore tildelt løyve frå 2011, men etter søknad får valdet tildelt løyve.**

**Vald som har avskyttingsavtale, føl den. På desse valda nyttar ein 50% regelen og reduserar litt i tildelinga: Kvinge sør, Kvingedal, Hope-Elvik-Kvamme, Andvik, Kjekallen, Halsøy/Areklett, Bergsvik-Lauvik-Molland, Store Sleire, Lille Sleire, Matre store og Haukeland.**

## Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Liv Oda Dale		15/414

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2015	Teknisk utval	PS	27.05.2015

### Delegerte saker

#### Underliggjande saker:

007/2015, Melding om delegert vedtak - igangsettingstillatelse for resten av tiltaket - oppføring av hus - gbnr 27/2 Andvik

062/2014, Melding om delegert vedtak - tiltak utan ansvarsrett - bygging av bod - Byggesak GBNR 11/29

010/2015, Melding om delegert vedtak - påbygg hytte - dispensasjon - GBNR 6/52 Torsvik

026/2015, Delingssak GBNR 36/1 Kvingedal - Søknad om deling av grunneigedom til hyttetomt

068/2014, Delingssak GBNR 50/2 Fagerbotn - Søknad om deling av grunneigedom - Rekvisisjon av oppmålingsforretning

017/2015, Delingssak GBNR 56/2 og 53/1 Storholmen, Indre Haugsdal - Søknad om arealoverføring

033/2015, Klage på delegert vedtak om feil i matrikkelen - gbnr 6/45

028/2015, Melding om delegert vedtak - driftsbygning i landbruket - GBNR 18/4  
Meisdalsvatnet.

052/2014, Melding om delegert vedtak - endring av gitt løyve - ansvarsrettar - gbnr 50/128

053/2014, Melding om delegert vedtak - igangsetjingsløyve betong- og rørleggerarbeid -  
gbnr 50/127

006/2015, Melding om delegert vedtak - riving av gamal garasje og bygging av aktivitets-  
/eldhus og garasje - GBNR 9/2 Sleire

001/2015, Melding om delegert vedtak - riving hytte, Gr.50 bnr.156, Stordalen

008/2015, Melding om delegert vedtak - Søknad om deling av grunneigedom GBNR 50/1/21  
Librotet hyttefelt, Stordalen

014/2015, Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak i eit trinn - bygging av  
bustadhus og garasje - GBNR 5/67 Risnes

063/2014, Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett -  
Endring av plassering av hytte og lysløype - GBNR 55/1 Haukeland

061/2014, Melding om delegert vedtak - Tildeling av offisiell adresse - gbnr 27/2 Nordland

016/2015, Melding om delegert vedtak - Utfylling og planering til jordbruksareal - GBNR 52/9 - Matre

025/2015, Melding om delegert vedtak - bygging av bustadhus og igangsetjingsløyve sprenging og planering - GBNR 36/1 Kvingedal.

012/2015, Melding om delegert vedtak - deling av grunneigedom til bustadtomt - Skolten bustadfelt - gbnr 38/59

004/2015, Melding om delegert vedtak - driftsbygning i landbruket - GBNR 35/2 Mjanger

050/2014, Melding om delegert vedtak - fornya løyve til bruk av snøskuter i Stordalen

011/2015, Melding om delegert vedtak - garasje - gbnr 20/62, Reknes

029/2015, Melding om delegert vedtak - Godkjenning som ansvarshavande - Gnr 50/116 Stordalen

034/2015, Melding om delegert vedtak - Klage på vedtak - Krav om retting av feil og manglar i matrikkelen - gbnr 6/45

031/2015, Melding om delegert vedtak - konsesjon for overtaking av Storholmen på gbnr 56/2

022/2015, Melding om delegert vedtak - konsesjon ved overtaking av gbnr 5/2 Risnes

057/2014, Melding om delegert vedtak - Krav om retting av feil i matrikkelen - GBNR 57/34 - Indre Haugsdal

023/2015, Melding om delegert vedtak - Krav om retting av feil og manglar i matrikkelen - GBNR 4/65 Strømsvik

024/2015, Melding om delegert vedtak - Krav om retting av feil og manglar i matrikkelen - gbnr 6/37 - Torsvik

058/2014, Melding om delegert vedtak - Krav om retting av feil og manglar i matrikkelen - GBNR 7/21 - Frøyset

059/2014, Melding om delegert vedtak - Krav om retting av feil og mangler i matrikkelen - GBNR 44/9

021/2015, Melding om delegert vedtak - løyve til deling av 18/9, Duesund - tomt 2, 4 og 6 på Duesundøy

027/2015, Melding om delegert vedtak - løyve til deling av bustadtomt på gbnr 36/1, Kvingedal

009/2015, Melding om delegert vedtak - omgjerung av eige vedtak - deling av eigedom til landbruk eksisterande driftsbygning - gbnr 50/4, Fagerbotn.

005/2015, Melding om delegert vedtak - oppføring av fritidsbustad - GBNR 50/146  
Storekupa, Stordalen

035/2015, Melding om delegert vedtak - reidskapshus/vedhus - gnr 9/1 Sleire

055/2014, Melding om delegert vedtak - riving av eksisterande våningshus og bygging av  
nytt - GBNR 38/8 Kvingo.

048/2014, Melding om delegert vedtak - Selvbyggeransvar 5085 Haugland

060/2014, Melding om delegert vedtak - Søknad om dispensasjon frå føresegner til  
kommuneplanen - bygging av naust - GBNR 14/3 Hosteland

003/2015, Melding om delegert vedtak - Søknad om endring av gitt løyve - plassering - gbnr  
14/82

032/2015, Melding om delegert vedtak - Søknad om igangsetting for tilbygg - tømrerarbeid -  
friadshus - Gnr 50/18 Fagerbotn/Stordalen

015/2015, Melding om delegert vedtak - Søknad om løyve til oppføring av naust 9 og 10 i  
godkjend naustområde - Gnr 27/3 Nordland

013/2015, Melding om delegert vedtak - Søknad om tiltak utan ansvarsrett - bygging av uthus  
- gbnr 31/1/29

056/2014, Melding om delegert vedtak - Søknad om utslepp av sanitært avløpsvatn - gbnr 50/1/21, Stordalen

030/2015, Melding om delegert vedtak - Tilbygg hytte - Dispensasjon - Gnr 18/30 Duesund

054/2014, Melding om delegert vedtak - Tilbygg/påbygg hytte - GBNR 50/9 Fagerbotn

020/2015, Melding om delegert vedtak - Utlegging av flytebrygge - Dispensasjon - GBNR 6/14,26 Torsvi

064/2014, Melding om delegert vedtak: GBNR 30/2 - Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - beiterydding

067/2014, Melding om delegert vedtak: GBNR 32/2 - Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - utbetring steinmur langs elv

066/2014, Melding om delegert vedtak: GBNR 16/1 - Areklett - Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - beiterydding

065/2014, Melding om delegert vedtak: GBNR 57/2 og 6 - Indre Haugsdal - Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - gjerde og beiterydding

018/2015, Melding om vedtak - dispensasjon og deling av gbnr 56/2, Kjetland

002/2015, Melding om vedtak - løyve til bruk av snøscooter på Haugsværfjellet

047/2014, Søknad om igangsetjingsløyve betong- og rørleggerarbeid - gbnr 50/127

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**Saksopplysningar:**

**Teknisk utval - 004/2015**

**TU - behandling:**

**TU - vedtak:**

**Delegerte saker vart tekne til orientering.**



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Liv Oda Dale		15/414

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2015	Teknisk utval	PS	27.05.2015

## Referatsak

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Teknisk utval - 005/2015

##### **TU - behandling:**

Orientering om Risnesplanen v/ass. rådmann Sveinung Toft.

Merknader som er komne inn i saka vart delt ut i møtet.

Saka vart drøfta.

Fylkesmannen i Hordaland har hatt merknader til at det er lagt inn bustader i eit område som er avsett til hytter i kommuneplanen.

Utvalet ynskjer at bustader framleis skal liggje i planen. Utvalet ynskjer større balanse mellom hus og hytter, då kommunen treng fleire bustadtomtar.

##### **TU - vedtak:**

Referatsaka vart teke til orientering.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå møte i Teknisk utval den 27.05.15 vert  
vitna:**

**John Torsvik  
leiar**